

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 30.10.2014
Tidspunkt: Kl. 11.00-16.50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Medlem	A	
Astrid F. Selsvold	Medlem	A	
Nils-Olav Nøss	Medlem	A	
Marte Malones	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Tom-Charister Nilsen	Fylkesordførar	H	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF	Møtte frå kl. 15.25
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordførar	V	

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	
Pål Kårbø	Torill Selsvold Nyborg	KrF	Møtte kl. 11.00-15.25
Dan Femoen	Tom-Charister Nilsen	H	Møtte i sak 240/14

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Arne Åsan	Fylkestannlege
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar opplæringsavdelinga
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 228/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 229/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 230/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 171/14	Protokoll frå generalforsamling - Valen Kraftverk AS	2014/11331	
RS 172/14	Protokoll frå generalforsamling - AL Vikafjellsvegen	2014/18377	
RS 173/14	Strandgaten 195 AS - Protokoll frå generalforsamling	2014/17936	
RS 174/14	HFk Bussanlegg AS - Protokoll frå Generalforsamling 23 juni 2014	2014/17937	
RS 175/14	Bystasjonen AS - Protokoll frå generalforsamling 23 juni 2014	2014/14130	
RS 176/14	Protokoll frå generalforsamling - E134 Haukelivegen AS	2014/14246	
RS 177/14	Statsbudsjettet 2015 - Beregningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte)	2014/14001	
RS 178/14	Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland	2014/21391	
RS 179/14	Byliv og næring i sentrum - verneverdige byområder som ressurs - konferanse i Bergen 25. - 26. november	2014/568	
RS 180/14	Belønningsordninga - auka økonomiske rammer i 2014	2014/10571	
RS 181/14	Status for arbeidet med å sikra Askøybrua	2014/392	
RS 182/14	Ferjesambandet Hjeltestad-Klokkarvik - ny kontrakt	2014/20308	
RS 183/14	Avinor - søknad om refusjon av utgifter til gong- og sykkleveg	2014/22166	
RS 184/14	Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik	2014/21103	
RS 185/14	Rutetilbod Hardanger-Voss	2014/21103	
RS 186/14	Godkjenning av regional planstrategi for Hordaland 2012 - 2016	2014/15567	
RS 187/14	Planrapport 2013 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering	2014/21895	
RS 188/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober	2014/1527	
RS 189/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr oktober 2014	2014/356	
RS 190/14	Oversikt over høyringar - fylkesutvalet 30. oktober 2014	2014/22526	
PS 231/14	Delegerte saker		
DS 17/14	Fornyng av sertifikatlån 391 mill. kr	2014/10441	
PS 232/14	Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar innanskulesektoren	2014/10499	
PS 233/14	Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren.	2014/10499	
PS 234/14	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettfordeling nr. 6 - 2014	2014/598	
PS 235/14	Godtgjersle til folkevalde - Justering av satsane 2014	2014/10189	

PS 236/14	Søknad til "Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene" for 2015-2018	2014/10571
PS 237/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048
PS 238/14	Søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn for auka kraftproduksjon i Hodnaberg kraftverk i Voss kommune - fråsegn	2014/18360
PS 239/14	Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.	2014/19497
PS 240/14	Søknad om 3 overføringar frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen for kraftproduksjon i Samnangervassdraget - fråsegn	2014/10077
PS 241/14	Regional plan for vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane. Vedtak om offentleg ettersyn og høyring	2014/21281
PS 242/14	Utnemning av representantar til politisk styringsgruppe - planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2014/17126
PS 243/14	Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova	2014/20188
PS 244/14	Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar	2014/21703
PS 245/14	Høyring om omgjering av utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon	2014/18721
PS 246/14	Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. Høyringsfråsegn	2014/19846
PS 247/14	Tilskot i Prosjekt bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer	2014/14018
PS 248/14	Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) - retningsliner	2014/1022
PS 249/14	Nye retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringer og gjennomføring av undersøkelseplikten i henhold til kulturminneloven - fråsegn	2014/18649
PS 250/14	Kulturrehistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyring av forprosjekt.	2014/15770
PS 251/14	Høyringsfråsegn til NOU 2014:4 Enklere regler - bedre anskaffelser	2014/21602
PS 252/14	Høyringsfråsegn - forslag endringar i vallova og valforskrifta	2014/18836
PS 253/14	Ymse	

PS 228/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Mona Hellesnes bad om at referatsaker og spørsmål under open time som kan vente, vert utsett til neste møte. Dette fordi budsjettgjennomgangen frå fylkesadministrasjonen, som tidlegare har vorte gjennomført på eit todagarsmøte, vart presentert på eit dagsmøte. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Fylkesordføraren bad om at eventuelle spørsmål vert innsendt skriftleg før neste møte.

Ut over dette vart saklista godkjend utan merknader.

PS 229/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 24.09.2014 vart godkjend utan merknader.

PS 230/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Referatsakene vert lagt fram på nytt i neste møte. Jf. sak 228/14.

- RS 171/14 Protokoll frå generalforsamling - Valen Kraftverk AS**
- RS 172/14 Protokoll frå generalforsamling - AL Vikafjellsvegen**
- RS 173/14 Strandgaten 195 AS - Protokoll frå generalforsamling**
- RS 174/14 HFK Bussanlegg AS - Protokoll frå Generalforsamling 23 juni 2014**
- RS 175/14 Bystasjonen AS - Protokoll frå generalforsamling 23 juni 2014**
- RS 176/14 Protokoll frå generalforsamling - E134 Haukelivegen AS**
- RS 177/14 Statsbudsjettet 2015 - Beregningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte)**
- RS 178/14 Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland**
- RS 179/14 Byliv og næring i sentrum - verneverdige byområder som ressurs - konferanse i Bergen 25. - 26. november**
- RS 180/14 Belønningsordninga - auka økonomiske rammer i 2014**
- RS 181/14 Status for arbeidet med å sikra Askøybrua**
- RS 182/14 Ferjesambandet Hjellevad-Klokkarvik - ny kontrakt**
- RS 183/14 Avinor - søknad om refusjon av utgifter til gong- og sykkleveg**
- RS 184/14 Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik**
- RS 185/14 Rutetilbod Hardanger-Voss**
- RS 186/14 Godkjenning av regional planstrategi for Hordaland 2012 - 2016**
- RS 187/14 Planrapport 2013 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering**
- RS 188/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober**
- RS 189/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr oktober 2014**
- RS 190/14 Oversikt over høyringar - fylkesutvalet 30. oktober 2014**

PS 231/14 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Delegert sak 17/14 vart referert.

DS 17/14 Fornyng av sertifikatlån 391 mill. kr

PS 232/14 Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar innanskulesektoren

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapen for 4 prosjekt i skulesektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapen for 4 prosjekt i skulesektoren.

PS 233/14 Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

PS 234/14 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjetfordeling nr. 6 - 2014

Forslag til vedtak

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628 020 00	02320	02131	Odda vgs. – rehab/omb.- forprosjekt	1 100 000	
10 665 020 00	02320	02135	Stord vgs – Karrieresenter	1 000 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		2 100 000
				2 100 000	2 100 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628 020 00	02320	02131	Odda vgs. – rehab/omb.- forprosjekt	1 100 000	
10 665 020 00	02320	02135	Stord vgs – Karrieresenter	1 000 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		2 100 000
				2 100 000	2 100 000

PS 235/14 Godtgjersle til folkevalde - Justering av satsane 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,73 % pr. 1. mai 2014 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 841 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste vert justert tilsvarende.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Pål Kårbø sette fram slikt forslag:

"Tillegg på siste setning:
...med verknad frå 1. mai 2014."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,73 % pr. 1. mai 2014 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 841 500,-

Satsane for tapt arbeidsforteneste vert justert tilsvarende med verknad frå 1. mai 2014.

PS 236/14 Søknad til "Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene" for 2015-2018

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om tillegg til punkt 1

«10-punktsprogram for betre luftkvalitet» punkt 1 på side 12 vert endra til:
Miljødifferensierte bompengerakstar saman med eit attraktivt kollektivtransporttilbod.

Inger Ulvund sette fram forslag om tillegg til pkt 1.

«-- etter at alt som omhandlar rushtidsavgift og tidsdifferensierte bompengar er teke ut av søknaden.»

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag.

"Landåsruuten" er ein av dei overordna sykkeltraséane i vedtatt sykkelstrategi, og denne går gjennom dei sterkt trafikkerte kryssa nord og sør for Haukelandstunnelen. Kryssløysingane for syklistar som nyttar traséen er ikkje optimale, og skiltinga er ikkje eintydig.

Ved rullering av Handlingsprogrammet 2014 - 2017, ber ein om at krysstiltak for sykklar (oppmerking, sykkelboksar, skilting o.a) ved Haukeland US, blir innarbeida og prioritert, før heilt nye prosjekter i «Gang og sykkeltiltak» (prioriterte plan- og byggeprosjekter), blir igongsett.

Arild Borgen sette fram forslag til nytt pkt.

«Innføring av landstraum vert lagt inn i handlingsplanen.»

Røysting

Fylkerådmanen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (FRP).
Inger Ulvund sitt forslag til ny innstilling fekk 2 røyster (FRP) og fall.
Stein Inge Ryssdal sitt forslag om tillegg til pkt 1 fekk 5 røyster (H) og fall.
Arild Borgen sitt tilleggsforslag fekk 2 røyster (R, KRF) og fall.
Alf Helge Greaker sitt oversendingsforslag fekk 4 røyster (R, KRF, SP, V) og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Søknaden bør ha inn

1. Mål om kollektivfelt på alle fire-felts innfartsårer.
2. Meir forpliktande plan for utvida trolleybussnett.
3. Måleindikator for lokal luftforureining.
4. Kollektivtrafikken skal ha reduksjon i utsleppa på 70 % i 2018 og vere utsleppsfrie innan 2020.
5. Kommunedelplan som skal avklare framtidige kollektivtilbud / bybane mot kommunane i vest må og greie ut alternativ som ikkje går om Fyllingsdalen."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slikt tillegg til punkt 1:
... etter at alt som omhandlar rushtidsavgift og tidsdifferensierte bompengar er teke ut av søknaden."

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 3 røyster (FrP) for Søviknes sitt forslag.
Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; "Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda".
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeid med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.

PS 237/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.
Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

Røysting

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Uttale

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggerane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale i PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å støtte uttala til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå møtet 10.09.2014, med slikt tillegg:

Fylkeseldrerådet reagerer på at satsane for fritidsreiser ved 67 års alder vert differensiert. Fylkeseldrerådet meiner dette er aldersdiskriminerande og vil foreslå at aldersgrensa fell bort.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

Inger Ulvund sette på vegne av FRP, H, V fram forslag til nytt pkt.

«Talet på godkjente TT-brukarar er sett til maksimalt 3,4% av folketalet i fylket.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Inger Ulvund sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.
2. Talet på godkjente TT-brukarar er sett til maksimalt 3,4% av folketalet i fylket.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjer for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.
2. Talet på godkjente TT-brukarar er sett til maksimalt 3,4 % av folketalet i fylket.

PS 238/14 Søknad om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn for auka kraftproduksjon i Hodnaberg kraftverk i Voss kommune - fråsegn

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traseval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traseval 2 foreslått som ei god løysning.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til grovholsboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høg fjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høg fjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/ yngletid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.
7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal

vurderast.

8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traseval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traseval 2 foreslått som ei god løysning.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til grovholsboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høg fjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høg fjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/ yngletid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.
7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.
8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traséval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traséval 2 foreslått som ei god løysning.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til grovholsboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høg fjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høg fjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/yngletid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.

7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av egne reirkasser skal vurderast.
8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.

PS 239/14 Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.

Forslag til innstilling

Vatn 1112:

- | |
|---|
| 1. Av omsyn til sårbart høg fjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112. |
|---|

Vatn 1062:

- | |
|--|
| 2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062. |
| 3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren. |
| 4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området. |
| 5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene. |
| 6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien. |

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram følgjande forslag til nytt pkt.2:

«Hfk rår ifrå utbygging av vatn 1062 av omsyn til friluftsliv, nærleik til Folgefonna nasjonalpark og sårbart høg fjell-landskap.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2,3,4,5 og 6 vart vedteke med 9 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 2 røyster (MDG).

Innstilling

Vatn 1112:

1. Av omsyn til sårbart høg fjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112.

Vatn 1062:

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062.
3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren.
4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området.
5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene.
6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 2-6 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Vatn 1112:

1. Av omsyn til sårbart høgfjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112.

Vatn 1062:

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062.
3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren.
4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området.
5. Sperredammen må utformast slik at turgengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene.
6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien.

PS 240/14 Søknad om 3 overføringer frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen for kraftproduksjon i Samnangervassdraget - fråsegn

Forslag til innstilling

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro (EN, sterkt trua)), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringer frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro (EN, sterkt trua)), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringer frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Tom-Christer Nilsen opplyste at far hans er styreleiar i BKK, og stilte spørsmål om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Nilsen gjekk frå under røystinga.

Dan Femoen møtte for Tom-Christer Nilsen i saka.

Fylkesvaraordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro, som er sterkt trua), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringer frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.

PS 241/14 Regional plan for vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane. Vedtak om offentlig ettersyn og høyring

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet legg utkast til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.09.2014, med tilhøyrande tiltaksprogram, ut på høyring.
2. Planen ligg ute på høyring i perioden 1.10.14 - 31.03.2015.
3. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektorstyresmakter til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet legg utkast til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.09.2014, med tilhøyrande tiltaksprogram, ut på høyring.
2. Planen ligg ute på høyring i perioden 01.10.2014-31.03.2015.
3. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektorstyresmakter til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

PS 242/14 Utnefning av representantar til politisk styringsgruppe - planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet utnemner følgjande representant til å delta i den politiske styringsgruppa til arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft og som leiar for styringsgruppa:
.....

2. Fylkesutvalet ber om at følgjande organ utnemner ein politisk representant til styringsgruppa:

Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen
Universitetstyret for Universitetet i Bergen
Regionrådet Vest
Hardangerrådet
Hordaland fagskulestyre
Yrkesopplæringsnemda

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

"a) Punkt 1:

Som leiar for styringsgruppa frå fylkesutvalet: Mona Røsvik Strømme.

b) Punkt 2:

Namnet vert endra til styringsgruppe (ta bort ordet "politisk").

c) Tillegg:

I tillegg til dei som er nemnd i saka punkt 2 vert og desse representerte med i styringsgruppa:
Opplærings- og helseutvalet
Bergen kommune"

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Kallevåg sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 med Kallevåg sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Kallevåg sitt forslag c) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet utnemner følgjande representant til å delta i den politiske styringsgruppa til arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft og som leiar for styringsgruppa: Mona Røsvik Strømme.
2. Fylkesutvalet ber om at følgjande organ utnemner ein representant til styringsgruppa:

Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen
Universitetstyret for Universitetet i Bergen
Regionrådet Vest
Hardangerrådet
Hordaland fagskulestyre
Yrkesopplæringsnemnda
Opplærings- og helseutvalet
Bergen kommune

PS 243/14 Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS -søknad etter privatskolelova

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet meiner at tilbodet frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS har same målsetting og difor ikkje er nyskapande samanlikna med tilbodet ved teknologilinja ved Sotra vidaregåande skule. Vidare er det overkapasitet ved studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen, og ei godkjenning av skulen vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet kan av den grunn ikkje sjå at det er grunnlag for å godkjenne søknaden frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Representanten **Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

«Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpande for skuleeigarar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialiserande plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nevntast Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

«Ber om at saken blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommune og eventuelle andre aktuelle aktørar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt framlegg fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Fosse sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster inkl. utvalsleiar si dobbelrøyst.
Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

OPHE ber om at saka blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommunen og eventuelle andre aktuelle aktørar.

Innstilling

1	Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpande for skuleeigar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på
---	--

studiespesialisierende plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nevnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fråsegner vart lagt fram i møtet.

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet meiner at tilbodet frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS har same målsetting og difor ikkje er nyskapande samanlikna med tilbodet ved teknologilinja ved Sotra vidaregåande skule. Vidare er det overkapasitet ved studiespesialisierende utdanningsprogram i Stor-Bergen, og ei godkjenning av skulen vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet kan av den grunn ikkje sjå at det er grunnlag for å godkjenne søknaden frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (KrF, A, Sp SV) for Nyborg sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar søknaden, då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpane for skuleeigar. Hordaland fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialisierende plassar på vel 1 200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nemnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod "teknologiline". Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden.

PS 244/14 Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar

Forslag til innstilling

Utvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Representanten **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande forslag:

«Vedk. Mål 2, pkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke. Hellesøy sitt forslag følgjer saka til fylkesutval/fylkesting.

Innstilling

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Vedk. Mål 2, punkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Nyborg sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (H).

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Vedk. Mål 2, punkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam.

PS 245/14 Høyring om omgjering av utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon

Forslag til innstilling

1. Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er *Mediekommunikasjon* og *Design og medieproduksjon*.
3. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna *Teknologi og media* og *Idéutvikling* opprettast
4. Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignerfaget.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er <i>Mediekommunikasjon</i> og <i>Design og medieproduksjon</i> .
3	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna <i>Teknologi og media</i> og <i>Idéutvikling</i> opprettast
4	Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignerfaget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn

er *Mediekommunikasjon og Design og medieproduksjon*.

3. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna *Teknologi og media* og *Idéutvikling* opprettast.
4. Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignarfaget.

PS 246/14 Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns efft.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns efft.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 247/14 Tilskot i Prosjekt bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

PS 248/14 Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) - retningslinjer

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitasjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkja.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkja i samråd med kommunen.

2. Kva kan ein søkja om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
 - a. Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
 - b. Tiltak med stort lokalt engasjement.
 - c. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
 - d. Tiltak med universell utforming.
 - e. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

3. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter instilling frå fylkesrådmannen.

4. Søknadsfrist

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitastjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

5. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkja.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkja i samråd med kommunen.

6. Kva kan ein søkja om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
 - f. Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
 - g. Tiltak med stort lokalt engasjement.
 - h. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
 - i. Tiltak med universell utforming.
 - j. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

7. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader skal prioriterast etter instilling frå fylkesrådmannen.

8. Søknadsfrist

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrense slitastjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkje.

- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar, jf. punkt 1, kan søkje i samråd med kommunen.
2. **Kva kan ein søkje om?**
- Det aktuelle tiltaket må vere på lista over utvalde arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
 - Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
 - a) Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
 - b) Tiltak med stort lokalt engasjement.
 - c) Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
 - d) Tiltak med universell utforming.
 - e) Kulturminne som er prioriterte av kommunane.
3. **Avgjerdsmynde:**
Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.
4. **Søknadsfrist:**
Søknad vert sendt Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

PS 249/14 Nye retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringer og gjennomføring av undersøkelsesplikten i henhold til kulturminneloven - fråsegn

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og førutseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.
2.	Nye retningslinjer er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framlegget.
3.	Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Bjarte Vatnøy (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

« Ønskje om revidering av retningslinjer for arkeologisk registrering og gjennomføring av undersøkelsesplikt. Ønskjer politisk gjennomgang og revisjon med hensyn til kvalitet framfor kvantitet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1.	Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og førutseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.
2.	Nye retningslinjer er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framlegget.

3.	Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak
----	--

Protokollmerknad frå Bjarte Vatnøy på vegner av Frp:

Ønskje om revidering av retningslinjer for arkeologisk registrering og gjennomføring av undersøkelsesplikt. Ønskjer politisk gjennomgang og revisjon med hensyn til kvalitet framfor kvantitet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet meiner at arkeologiske registreringar skal bidra til effektiv og føreseieleg handsaming av arealplanar og godt kulturminnevern til beste for heile Hordaland.

Nye retningslinjer er i hovudsak i tråd med Hordaland fylkeskommune sin etablerte praksis, og fylkesutvalet sluttar seg til framlegget.

Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunen som delegert kulturminnemynde sjølv må ta stilling til omfang og bruk av faglege metodar i registrering i kvar enkelt sak.

PS 250/14 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyring av forprosjekt.

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet slutter seg til intensjonane i forprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, og til utval, avgrensing og skildring av dei 9 områda slik dei er lagt fram.
2. Fylkesutvalet ser dette som ei klargjering av viktige interesser og rår til at forprosjektet vert ført vidare i eit landsfemnande prosjekt.
3. Fylkesutvalet vil setje i verk eit arbeid for å få oversyn over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 4:

«Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.
Klokkestuen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Fylkesutvalet slutter seg til intensjonane i forprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, og til utval, avgrensing og skildring av dei 9 områda slik dei er lagt fram.
2. Fylkesutvalet ser dette som ei klargjering av viktige interesser og rår til at forprosjektet vert ført vidare i eit landsfemnande prosjekt.
3. Fylkesutvalet vil setje i verk eit arbeid for å få oversyn over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse.
4. Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale

og sentrale tilskotsordninger retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"På bakgrunn av at verken saksutredningen eller grunnlagsdokumentene gir et tydelig bilde av hva som er konsekvensen eller intensjonen for kommunale og private planer og planprosesser av å ha status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" kan Hordaland fylkeskommune ikke stille seg bak intensjonene i forprosjektet. I punktene under "Sårbarhet, tolegrense og forvaltning" ser det ut som det her ligger en forventning om endring av kommuneplaner i de enkelte kommunene, uten at det går klart fram hva slags begrensninger som skal legges på områdene.

Hordaland fylkeskommune kan heller ikke se av dokumentasjonen i forprosjektet eller i saksutredningen at det fremgår om en i forprosjektet har vært i dialog med de gjeldende kommuner. Hordaland fylkeskommune vil hevde at det for så omfattende områder dette gjelder, burde vært en forhåndsdialog med de aktuelle kommunene før en sender forslaget på høring.

Hordaland fylkeskommune vil advare mot en utvikling der stadig flere landskapsområder får forskjellige kategorier av "vernestatus". Dette bidrar ikke til å gjøre planprosesser enklere, eller å avklare plankonflikter, men gjør det tvert i mot forvirrende for tiltakshavere og planmyndigheter (inon, nasjonalpark, grenseområde til nasjonalpark, landskapsvernområde, kjerneområde for landbruk, nasjonal laksefjord i tillegg til ordinære kategorier i kommuneplan og reguleringsplaner). I dette tilfellet ser en også at det til dels er overlapping med andre kategorier som for eksempel Hardangervidda og Folgefonna nasjonalparker, landskapsvernområder og kommunalt vedtatte langsiktige byggegrenser.

Hordaland fylkeskommune anbefaler derfor at hele prosessen stilles i bero inntil man har klargjort hva slags planmessige, reguleringsmessige og disposisjonsmessige konsekvenser status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" har.

Hordaland fylkeskommune vil ikke starte et arbeid med å få oversikt over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse før dette er tydeliggjort."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (SV) for innstillinga.

Vedtak

På bakgrunn av at verken saksutredningen eller grunnlagsdokumentene gir et tydelig bilde av hva som er konsekvensen eller intensjonen for kommunale og private planer og planprosesser av å ha status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" kan Hordaland fylkeskommune ikke stille seg bak intensjonene i forprosjektet. I punktene under "Sårbarhet, tolegrense og forvaltning" ser det ut som det her ligger en forventning om endring av kommuneplaner i de enkelte kommunene, uten at det går klart fram hva slags begrensninger som skal legges på områdene.

Hordaland fylkeskommune kan heller ikke se av dokumentasjonen i forprosjektet eller i saksutredningen at det fremgår om en i forprosjektet har vært i dialog med de gjeldende kommuner. Hordaland fylkeskommune vil hevde at det for så omfattende områder dette gjelder, burde vært en forhåndsdialog med de aktuelle kommunene før en sender forslaget på høring.

Hordaland fylkeskommune vil advare mot en utvikling der stadig flere landskapsområder får forskjellige kategorier av "vernestatus". Dette bidrar ikke til å gjøre planprosesser enklere, eller å avklare plankonflikter, men gjør det tvert i mot forvirrende for tiltakshavere og planmyndigheter (inon, nasjonalpark, grenseområde til nasjonalpark, landskapsvernområde, kjerneområde for landbruk, nasjonal laksefjord i tillegg til ordinære kategorier i kommuneplan og reguleringsplaner). I dette tilfellet ser en også at det til dels er overlapping med andre kategorier som for eksempel Hardangervidda og Folgefonna nasjonalparker, landskapsvernområder og kommunalt vedtatte langsiktige byggegrenser.

Hordaland fylkeskommune anbefaler derfor at hele prosessen stilles i bero inntil man har klargjort hva slags planmessige, reguleringsmessige og disposisjonsmessige konsekvenser status som "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" har.

Hordaland fylkeskommune vil ikke starte et arbeid med å få oversikt over kulturhistoriske landskap i Hordaland med regional interesse før dette er tydeliggjort.

PS 251/14 Høyringsfråsegn til NOU 2014:4 Enklere reglar - bedre anskaffelser

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

"Endring punkt 3:

3. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune, med følgjande endring;

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Konkurransetilsynets høyringsuttale om Terskelverdier i et minimumsregelverk.

- For innkjøp under 100.000 kroner gjelder ingen formelle krav
- For innkjøp mellom 100.000 og 500.000 gjelder kun et dokumentasjonskrav og en anbefaling om å bruke konkurransemekanismer
- For innkjøp over 500.000 og under EØS-terskelverdiene gjelder i tillegg et krav om å bruke anbudskonkurranse.

Et slikt minimumsregelverk, der konkurransemekanismer alltid vil være et sentralt virkemiddel for å fremme effektiv bruk av offentlige midler, vil etter tilsynets oppfatning gi et betydelig innsparingspotensial ved gjennomføring av offentlige innkjøp under EØS-terskelverdiene. Det vil skje uten at det går på bekostning av konkurransen i lokale eller nasjonale markeder. Snarere tvert imot; det vil senke terskelen for å bruke konkurransemekanismer ved at kostnaden må antas å reduseres betydelig. Samtidig vil særlig terskelen for SMBs deltagelse i konkurransen senkes. Det vil også gi rom for betydelig forenkling av Veilederen for offentlige anskaffelser, der fokus legges på hvordan effektive offentlige innkjøp kan gjennomføres snarere enn formalia.

Nytt punkt 4:

4. For å ivareta anskaffelsesregelverket sin funksjon som buffer mot korrupsjon og anna utilbørleg påverknad på anskaffelsesprosessar som hemmar konkurranse, må omsynet til korrupsjonsbekjemping ivaretakast i rammene rundt offentlege innkjøp. Eit minimumsregelverk må difor mellom anna supplerast med gode kontroll- og tilsynsmekanismar og eit styrkt fokus på informasjon og rettleiingstilbod. Lovverket bør utformast slik at antikorrupsjonsomsyn vert vektlagt i alle fasar av anskaffelsesprosessen. Det bør òg bli enklare for offentlege innkjøparar å finne ut om føretak er rettskraftig dømd for brot på straffelova sine korrupsjonsreglar."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag punkt 3 var vedteke mot 1 røyst (SV).

Søviknes sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til at det vert gjennomført ei forenkling av regelverket for å bidra til å sikre betre anskaffingar.
2. Fylkesutvalet støttar framlegget om å behalde reglar knytt til ikkje-anskaffingsfaglege omsyn.
3. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune, med følgjande endring;

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Konkurransetilsynets høyringsuttale om Terskelverdier i eit minimumsregelverk.

- For innkjøp under 100.000 kroner gjelder ingen formelle krav
- For innkjøp mellom 100.000 og 500.000 gjelder kun et dokumentasjonskrav og en anbefaling om å bruke konkurransemekanismer
- For innkjøp over 500.000 og under EØS-terskelverdiene gjelder i tillegg et krav om å bruke anbudskonkurranse.

Et slikt minimumsregelverk, der konkurransemekanismer alltid vil være et sentralt virkemiddel for å fremme effektiv bruk av offentlige midler, vil etter tilsynets oppfatning gi et betydelig innsparingspotensial ved gjennomføring av offentlige innkjøp under EØS-terskelverdiene. Det vil skje uten at det går på bekostning av konkurransen i lokale eller nasjonale markeder. Snarere tvert imot; det vil senke terskelen for å bruke konkurransemekanismer ved at kostnaden må antas å reduseres betydelig. Samtidig vil særlig terskelen for SMBs deltagelse i konkurransen senkes. Det vil også gi rom for betydelig forenkling av Veilederen for offentlige anskaffelser, der fokus legges på hvordan effektive offentlige innkjøp kan gjennomføres snarere enn formalia.

4. For å ivareta anskaffelsesregelverket sin funksjon som buffer mot korrupsjon og anna utilbørleg påverknad på anskaffelsesprosessar som hemmar konkurranse, må omsynet til korrupsjonsbekjemping ivareta i rammene rundt offentlege innkjøp. Eit minimumsregelverk må difor mellom anna supplerast med gode kontroll- og tilsynsmekanismar og eit styrkt fokus på informasjon og rettleiingstilbod. Lovverket bør utformast slik at antikorrupsjonsomsyn vert vektlagt i alle fasar av anskaffelsesprosessen. Det bør òg bli enklare for offentlege innkjøparar å finne ut om føretak er rettskraftig dømd for brot på straffelova sine korrupsjonsreglar.

PS 252/14 Høyringsfråsegn - forslag endringar i vallova og valforskrifta

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må nytta valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.

Kjem det av dette grunnlaget fram at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Hordaland fylkeskommune meiner ein då må forlenga fristen for når røystene må vere kome fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må nytta valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.

Kjem det av dette grunnlaget fram at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Hordaland fylkeskommune meiner ein då må forlenga fristen for når røystene må vera kome fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.

PS 253/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 232-249, 251-252, 250/14.

Presentasjonar

- Dagleg leiar for Forum nye Bergensbanen, **Adelheid Nes**: "Nye Bergensbanen".
- Konserndirektør Energi **Wenche Teigland** i BKK og regiondirektør **Jan Alne** i Statkraft: "Vern om regulert kraft".
- **Fylkesdirektørane** i Hordaland fylkeskommune: Budsjett 2015.

OPEN TIME

Silje Hjemdal bad om at fylkesutvalet får orientering om status for produksjonsskulen i neste møte. Fylkesordføraren svarte at dette vil verte gjort.

Sveinung Valle stilte spørsmål om korleis fylkeskommunen vil handtere dei ulike synspunkta på Nordhordlandspakken frå kommunane som er omfatta av pakken. Fylkesrådmannen svarte at kommunane vil verte inviterte til eit møte for å avklare forståinga av vedtaka som er gjort lokalt.

Fylkesordføraren gjorde merksam på at han har bede om å få fram sak om retningslinjer for bruk av bustader for gjeste-kunstnarar.

På spørsmål frå **Benthe Bondhus** svarte fylkesordføraren at neste møte i fylkesutvalet skal haldast på Stord.

YMSE

Under sak 228/14 viste **Aud Karin Oen** til flaumen i fylket, og spurde korleis utfordringane innan buss/kollektivtrafikken var handtert. Direktør for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at det hadde vore krevjande dagar med m.a. innstilte ruter. Etter forholda vart det likevel funne gode løysingar. 30. oktober var alle vegane opne, og trafikken var stort sett i gjenge.